

NASJONALT SEMINAR FOR KYRKJEKLOKKER

Måndag 28. mai og tysdag 29. mai 2018



DEN NORSKE KYRKJA

Aurdal Menighetsråd
Postboks 2, 2910 Aurdal

Aurdal Menighetsråd inviterer til det fyrste nasjonale seminaret for kyrkjeklokker i Aurdal og på Fagernes i Valdres. Under seminaret tek vi temperaturen på aktuelle problemstillingar i kyrkjeklokkemiljøet, både historisk og med tanke på framtida. Seminaret blir ein kombinasjon av føredrag med innleigde føredragshaldarar og ei praktisk tilnærming gjennom prøving av kyrkjeklokker og innføring i ulike ringeteknikkar og ringetradisjonar.

Målet med seminaret er å auke medvitet og den generelle kunnskapen om klokketradisjon og ringing hjå kyrkjeleg tilsette, fellesråd og sokneråd, i kommunane og på lærestadene ved universiteta, men òg hjå folk flest med interesse for kyrkjeklokker og kulturarv.

Per i dag er det ingen som tek eit nasjonalt ansvar for den manuelle klokkeringinga i landet. Eit eige nasjonalt seminar for ringing representerer eit nytt og etterlengta tilskott i floraen av sikrings- og bevaringstiltak i kyrkja.

Velkommen til seminar!

Program

Måndag 28. mai

- 09.30–09.45 Buss frå Valdres Folkemuseum og Fagernes Hotell til Aurdal kirke
- 10.00–10.30 Registrering og kaffi i Aurdal menighetshus – med mat
- 10.30–10.45 Velkomen og presentasjon i Aurdal kirke v/prost Carl Philip Weisser
- 10.45–11.15 Kampanologi – kyrkjeklokker og historikk v/Henning Andersen
- 11.15–12.00 Liturgien i kyrkjerommet v/Merete Thomassen
- 12.00–13.15 Beinstrekk, mat og prøveringing
- 13.15–13.45 Klokkestøyping i Noreg v/Morten Olsen-Nauen
- 13.45–14.15 Kyrkjeklokkene i folkekulturen v/Ingeborg Magerøy
- 14.15–14.30 Beinstrekk
- 14.30–15.30 Klokkeoppheng, ringeteknikk, drift og vedlikehald v/Henriette Nielsen
- 15.30–16.00 Kyrkjer, klokketårn og bygningsvern v/Tore Røbergshagen
- 16.00–16.15 Beinstrekk og forfriskingar
- 16.15–16.45 Kyrkjeklokker; arbeidsmiljø og sikkerheit v/Arbeidstilsynet
- 16.45–17.30 Klangen frå kyrkjeklokkene – funksjon og innverknad i folks liv. Samhald og identitet v/Alf Tore Hommedal
- 17.30 Buss til Fagernes
- 18.30–19.30 Klokkespelkonsert og foredrag om klokkespelet si historie v/Vegar Sandholt
- 19.30–21.30 Seminarmiddag

Tysdag 29. mai

- 09.00–09.30 Oppmøte på Valdres Folkemuseum. Morgonkaffi!
- 09.30–10.00 Kyrkjeklokkene i Danmark: eit eige klokkevesen v/Per Rasmus Møller
- 10.00–10.30 Kyrkjetenarar fortel frå sin arbeidskvardag v/Svein Hegge og Odd Kolbjørnshus
- 10.30–11.00 Kyrkjeklokker, innskrift og dekor. Kva kan det fortelje oss? v/Terje de Groot
- 11.00–11.30 Vidareføring av ringekunnskapane. Kven tek ansvar for opplæring av nye kyrkjetenarar? Ved Kyrkjerådet
- 11.30–12.00 Beinstrekk
- 12.00–13.00 Debatt: Kva funksjon har kyrkjeklokkene i det norske samfunnet i dag? Korleis vidarefører vi kunnskapane om klokkene og ringinga – for framtida?
- 13.00 Vel heim!
- 13.30 Lunsj for den som vil ha det!



NASJONALT SEMINAR FOR KYRKJEKLOKKER

Føredragshaldarar og andre bidragsytarar

Henriette Nielsen (f. 1967) er utdanna bygningsingeniør frå Lyngbø ved København. Ho er dagleg leiar og eigar av Thubalka, eit firma som arbeider med kyrkjeklokker, klokkespel, tårnur og urskiver, automatiske ringeanlegg og vindfløyer. Under seminaret vil Henriette Nielsen snakke meir om klokkeoppheng, ringeteknikk, drift og vedlikehald.

Alf Tore Hommedal (f. 1956) er fyrsteamanuensis i mellomalderarkeologi ved Universitetsmuseet, Universitetet i Bergen. I 2017 arrangerte han og kollegaen Justin Kroesen seminaret «Himmelsk klang» – om produksjon og bruk av kyrkjeklokker i mellomalderen. Under seminaret i Valdres vil Alf Tore snakka om «det utvida kyrkjerommet», dvs. om korleis klokkeklangen utover landskapet påverkar samfunnet i by og bygd.

Ingeborg Magerøy (f. 1964) er utdanna kunsthistorikar frå Universitetet i Oslo. Ho er seniorrådgjevar med ansvar for kyrkjesaker som ein av tre sakshandsamarar på Kyrkjeteamet hos Riksantikvaren. Endringar av ringesituasjonar, klokker, oppheng og tårnmiljø er ein viktig del av saksmengda for teamet. Magerøy har vore hos Riksantikvaren sidan 2013, og arbeidde før dette i Fortidsminneforeininga.

Terje de Groot (f. 1978) er utdanna kunsthistorikar frå Universitetet i Oslo, med kyrkjekunst og liturgihistorie som hovudinteressefelt. Han har også diplomeksamen i kampanologi frå Løgumkloster Kirkemusikskole i Danmark, og temaet for foredraget hans under seminaret er kva innskriftene og dekoren på kyrkjeklokkene kan fortelje oss.

Merete Thomassen (f. 1966) er førsteamanuensis i liturgikk ved Det teologiske fakultet, Universitetet i Oslo. Ho underviser og forskar på ulike uttrykk i gudstenestelivet. Ho er særleg opptatt av gudstenestespråket, og arbeider også med andre liturgiske kommunikasjonsformer. På seminaret skal ho snakke om kyrkjeklokkene som ein del av eit større liturgisk uttrykk.

Henning Andersen (f. 1977) er kyrkjetenar og ringar i Aurdal kirke. Han blir ofte nytta som konsulent i klokkesaker rundt omkring i landet, både av biskopane og Riksantikvaren, og som føredragshaldar innanfor kampanologi. Han har studert campanologi og klokkespel ved Løgumkloster kirkemusikskole, Danmark. Henning Andersen har òg arbeidd mykje med kyrkjeklokker i folkemusikken og folkekulturen.

Tore Røbergshagen (f. 1961) er utdanna tømmer med vidareutdanning i tradisjonshandverk og teknisk bygningsvern. Han har arbeidd som museumshandverkar ved Randsfjordmuseet avd. Lands Museum, og dei seinare åra som kulturminnekonsulent i Oppland Fylkeskommune. Under seminaret vil han snakke om utfordringar og dilemma knytta til ivaretaking og drift av kyrkjebygg som kulturminne.

Odd Kolbjørnshus (f. 1940) og **Svein Hegge** (f. 1967) er bae kyrkjetenarar i Valdres – Odd i Slidredomen, Svein i Hegge kyrkje. På seminaret vil dei dele erfaringar og utfordringar med arbeidet som ringarar, og dei vil snakke om rekruttering i framtida.

Morten Olsen-Nauen (f. 1974) er utdanna sivilingeniør i maskinteknikk ved NTNU i Trondheim. Han er leiar i Olsen Nauen klokkestøyper, som har eksistert sidan 1844. I tillegg til produksjon av kyrkjeklokker, klokkespel, skips- og gardsklokker leverer bedrifta automatiske ringeanlegg, lukeautomatikk og mekaniske produkt til kyrkjer over heile Noreg. Under seminaret vil Morten Olsen-Nauen snakke om støyping av klokker.

Per Rasmus Møller (f. 1950) frå Ebeltoft i Danmark er utdanna radioteknikar, organist og klokkenist. Frå 2011 er han klokkekonsulent for det danske kirkeministeriet. I tillegg har han bakgrunn som korleiar, føredragshaldar og forfattar av artiklar om orgelhistorie og klokkehistorie, og han arbeider som komponist for ulike type instrument.

Vegar Sandholt (f. 1967) er leiar i NSCK – Nordisk selskap for campanologi og klokkespil. Han er utdanna innanfor kyrkjemusikk – liturgikk, hymnologi og korleing – frå Noregs musikkhøgskole. I tillegg er han diplom- og solistklokkenist frå Løgumkloster kirkemusikskole, Danmark. I tillegg til å vera domorganist i St. Olav katolske domkirke er han klokkenist ved Bærum rådhus.

I tillegg blir det føredrag frå representantar frå Kyrkjerådet og frå Arbeidstilsynet.



NASJONALT SEMINAR FOR KYRKJEKLOKKER

Praktisk informasjon

Deltakaravgift (inkluderer seminarmiddag og lunsj): 2000 kr / studentar 1000 kr

Påmelding: Liv Barbro Veimodet, lv564@kirken.no / 416 74 669

Påmeldingsfrist: 1. mai

Overnatting:

Fagernes Hotell: valdres@scandichotels.com / tlf. 61 35 80 00. Når du ringer, tast 2 (andre henvendelser) – då kjem du til resepsjonen på hotellet på Fagernes. Hugs referansekode, som er 46369336. Pris for enkeltrom (inkl. frukost) er 1010 kr.

Fagernes Camping: post@fagernescamping.no / tlf. 61 36 05 10 / www.fagernescamping.no.

Fagerlund Hotell: Tlf. 61 36 18 58. Pris hotellstandard, dobbeltrom 1290 kr, enkeltrom 960 kr. Pensjonatstandard, dobbeltrom 1090 kr, enkeltrom 710 kr. Alle prisar inkl. frukost.

Dagane før seminaret, laurdag 26. og sundag 27. mai, blir Den nordiske klokkekonferanse 2018 arrangert i regi av Nordisk selskap for campanologi og klokkespill (NSCK) på Fagernes. Deltakarar som ynskjer å ta del i båe arrangementa, har høve til det. Meir informasjon om dette seminaret kan du få hos Henning Andersen: henning.andersen@n2u.no / 974 80 004, eller på nsck.org



Hamar
bispedømme



VALDRESMUSEA



Valdres
prosti



VALDRES
Natur- og Kulturpark

NSCK



Nord-Aurdal
kommune



NORSK
KULTURFOND
Kulturrådet

NASJONALT SEMINAR FOR KYRKJEKLOKKER



Hamar
bispedømme



Valdres
prosti

NSCK



VALDRESMUSEA



VALDRES
Natur- og Kulturpark



Nord-Aurdal
kommune



**NORSK
KULTURFOND**
Kulturrådet